

## FAKTA OG AKTUELL INFORMASJON OM GUATEMALA

Guatemala er ein republikk i Mellom-Amerika som grenser i nord og vest til Mexico, i sørvest til Stillehavet, i søraust til El Salvador og Honduras, i aust til Belize og Det karibiske hav.

Guatemala er prega av høgland og har eit svært variert klima. Landet er det tettaste folkesette landet i Mellom-Amerika med ein folkesetnad på kringom 15 000 000. Det er kulturelt det mest særprega. Storparten av folkesetnaden er mayaindianere. Hovudstaden heiter Guatemala by og ligg i ein dal i høgfjellet, Asuncionsdalen. I tillegg til spansk, er det 21 maya-språk i Guatemala. På alle større stader/turiststader snakkar befolkninga spansk. Delen av folkesetnaden som beherskar engelsk er liten men aukande.

Guatemala var spansk koloni i perioden 1524–1821 og hadde sete i Den mellomamerikanske konføderasjon i åra 1823–39, deretter uavhengig republikk. Frå byrjinga av 1960-talet var det ein blodig borgarkrig i landa, der særleg urbefolkninga vart utsett for grove overgrep. Fredsavtale vart underteikna i 1996 . Landet har hatt demokratiske val sidan 1986.

## REISA

### Utreise

I god tid før reisa får du tilsendt informasjon om turen og deltakarliste med referansenummer som du brukar ved innsjekking.

**Møt opp minimum 2 timar før innsjekking.** Du må også ha passet ditt med for å kunne sjekke inn. Alle som reiser til Guatemala må ha maskin-lesbart pass (der sida med bilde og info er av plast). Sjå Utanriksdepartementet sine sider om gyldigheitstid for pass:

[https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/reiseinformasjon/velg-land/reiseinfo\\_guatemala/id2428566/](https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/reiseinformasjon/velg-land/reiseinfo_guatemala/id2428566/)

Vår tilråding er at passet ditt er gyldig 6 månader etter heimkomst, då er du på den sikre sida. Norske statsborgarar treng ikkje visum for turist- og forretningsopphald på mindre enn 90 dagar i Guatemala.

Når du har kome gjennom sikkerheitskontrollen, skal du gå vidare til oppgjeven gate. **Pass på å komme tidleg til gaten, helst 1 time før avreise, då det ofte er kø i passkontrollen før gaten.**

Det er også fint om du tek på deg namneskiltet, slik at reiseleiaren kan sjå at du høyrer til gruppa vår, og det vert elles lettare å få kontakt med andre gruppemedlemar frå starten av.

### Flyreisa til Guatemala:

Reisa frå Noreg til Guatemala City tek om lag 13 timar med flybyte i Amsterdam og Panama City, vi får flysete med innebygde tv-skjermar, og elles puter og pledd. Det vert servert to måltid undervegs med drikke, og ein kan kjøpe drikke mm i tillegg. Det er ei lang flyreise, og det er ettermiddag/kveldsflyging, så det er lurt å nytte tida til å få seg ein god blund.

Når du kjem til flyplassane der vi mellomlandar (Amsterdam og Panama City), så fylgjer du reiseleiar til det er vorte avklara gaten ein skal reise vidare frå. Vær på plass på gaten vidare i god tid, då langdistanseflya ofte startar boarding tidleg.

## Ankomst Guatemala

Etter passkontroll går de til bagasjehenting. Når du har henta bagasje, melder du deg hjå reiseleiar før du går vidare mot utgangen. **Ingen må gå ut av bagasjehallen utan å ha meldt seg til reiseleiar!**

Ved utgangen i ankomsthallen på flyplassen i Guatemala City står den lokale guiden vår og møter oss. Etter at alle har gått samla frå bagasjehallen saman med reiseleiarar, kan vi stoppe for å gå på toalettet, og ved minibanken for å ta ut pengar. Vi går vidare samla til bussen for avreise til hotellet.

## RÅD OG TIPS

### Prisnivå, tipsing mm

Den lokale valutaen heiter quetzal og for 100 Quetzal kostar 106 NOK (4.9.17). Visa er meir eller mindre universelt akseptert, både som betalingsmiddel og for uttak i minibankar. Mastercard, American Express og Diners Club er akseptert i noko mindre grad. Betre hotell akseptera stort sett alltid dei meste vanlege kredittkorttypane, i motsetnad til mindre, rimelegare hotell/herberge. Grensa for uttak av kontantar i minibankar i Guatemala pleier å vera 1500-2000 quetzales. Normal tipsing er ti prosent og er ofte inkludert i rekninga.

**Før du reiser må du sjekke at du ikkje har regionsperre for Sør-Amerika på kortet ditt** (banken set ofte dette automatisk), har du det vil du ikkje få brukt kortet. Ring banken din om du er usikker på kva som gjeld for deg.

I Guatemala er prisane gunstige for oss nordmenn – men ikkje for Innbyggjarar flest. Matvarer, klede og andre nødvendige artiklar og tenester er dyre for dei, og lønningane er svært låge. Tips på restaurantar bør ikkje utgjera meir enn 10 % av rekninga. Du treng ikkje gje tips til taxisjåførar. Det er vanleg at kvar gjest gjev guiden 5 dollar og bussjåføren 3 dollar pr. dag. Det er naturlegvis alltid ei frivillig sak å gje tips, men i landa i Latin-Amerika er det særst vanleg. For arrangement som er inkludert i reisa er det reiseleiar som står for tipsinga, utanom dette står kvar og ein fritt til å tipse på eiga hand. Tipsing skapar velvilje og god stemning.

### Tryggleik, Reiseforsikring, sjukdom, medisinar

Guatemala er eit interessant og flott land, og i dei aller fleste tilfelle går opphald i landet problemfritt. Ein må vera på vakt for det som skjer rundt ein, og utvisa aktsemd i tilhøve til der ein ferdast, spesielt på kveldstid. Ved å ta dei rette vala kan ein unngå å utsetjast for ubehagelege episodar

Det er kurant og enkelt å ta ut pengar frå minibank i Guatemala. Men der, som over alt elles, må du passe på at ingen ser deg over skuldra når du tastar inn koden, og takk nei til hjelp frå folk du ikkje kjenner.

Kopiering (kloning) av bankkort både frå kortautomatar og på barar/restaurantar/butikkar hender ofte og det vert jamleg rådt til å undersøkje nettbanken sin for å kontrollera at kortet ikkje har vorte

misbrukt. Man bør nytta minibankar plassert inne i banklokale, hotell eller flyplassar og unngå minibankar på gata. Unngå rom som må opnast med bankkortet.

**På reise i Guatemala er det svært viktig at du har ei gyldig reiseforsikring som gjeld for heile verda. Sjekk og at sjukehusopphald er dekket.**

Reseptfrie medisinar får du på apoteka som i Norge, har du faste medisinar du må ta, så må du sørge for at du har med deg nok til heile opphaldet, og at du har med deg erklæring frå lege på spesielle medisinar som du må ha.

**Vaksinasjonar:** : Sjekk Folkehelseinstituttet sine heimesider, eller kontakt fastlegen din for oppdaterte vaksineråd for destinasjonen du skal til, i god tid før reisa. Nokon vaksiner fungerer ikkje fullgodt før det har gått ei tid. <https://www.fhi.no/sv/vaksine/reisevaksiner/aktuelle-reisevaksiner/>

**Brann:** På hotellet vil du finne oversikter over evakueringsvegar ved eventuell brann eller andre årsaker til evakuering. De må orientere dykk om desse og kvar næraste trapp er. De kan ikkje bruke heisen ved brann. De må ta dykk til resepsjonen, og evakueringsområdet, som vanlegvis er framfor hotellet. Dette vil reiseleiar seie noko om for kvart enkelt hotell. De skal møte ved evakueringsområdet og melde dykk til reiseleiar.

**Tryggleik i buss:** Der det er setebelte skal desse brukast. Hald dykk i ro i bussen i fart, om ikkje anna skulle tilseie dette (toalettbesøk eller liknande).

**Tryggleik i trafikken:** Trafikkulukker er ein vanleg årsak til død og ulukker. Vegane er av varierende kvalitet.

Det er difor viktig å vera oppmerksam når ein ferdast langs trafikkerte vegar og når ein skal kryssa gata. Vel drosjar, båtar og busser ut ifrå tilgjengeleg tryggleiksinformasjon, spør reiseleiaren din om råd.

**Verdisaker:** Gå ikkje rundt med synlege dyre smykke, det kan verte ei for stor freisting for einskilde. Pass godt på veska, og ha ikkje lommebok i baklomma, eller mobil på ein stad det er lett å få stele den. Vi opplever svært lite kriminalitet på våre destinasjonar, men det er alltid lurt å vere føre var!

Verdisaker bør ikkje etterlatast på hotellrom. Om det ikkje finst oppbevaringsboksar for verdisaker på hotellrommet, vil som regel resepsjonen vera behjelpelig med dette. Ha til kvar tid på deg legitimasjon, pass eller eventuell fotokopi av pass.

### **Skikk og bruk**

Guatemala har mange flotte kyrkjer å vitja. Man bør kle seg med respekt for religiøse skikkar ved besøk i desse (unngå berre skuldrar og korte skjørt/shorts). Det same gjeld dersom ein vitjar heilage mayastadar. I regionen generelt er det vanleg å vera lettkledd på strender og i direkte nærleik til desse. Derimot vert forventa det meir formell kledning i moderne byområde og offentlege stadar.

Urfolket, hovudsakleg maya, med sine fargerike og vent vevde og broderte regionale drakter, er ettertrakta fotoobjekt. Man bør likevel alltid be om løyve før ein tek bilete/filmar av lokalfolkeseinaden, og spør helst ein voksen før ein tek bilete av barn. Omkring 60 prosent av folkeseinaden er urfolk.

### **Nyttige telefonnummer:**

Lokalt nødnummer er 110. Lokalt turistpoliti – politur - kan kontaktast på telefonnummer 1500.

I krise og naudsituasjonar vert norske borgarar rådt til å kontakte den norske ambassaden i Guatemala på telefon +502 2506-4000. Ambassadens sentralbord er åpent mandag-torsdag 08:00-16:00 og fredag 08:00-13:30.

Utanom kontortidene kan ein trykke valstast 5 for å bli satt over til UD's døgnoperative senter. Det døgnoperative senteret kan også kontaktast direkte på +47 23 95 00 00 eller pr e-post: [UDops@mfa.no](mailto:UDops@mfa.no)

### **Telefon, internett (wifi) og straum**

Retningsnummeret til Guatemala er +502. Telefon- og mobilnettet er stabilt men kan nok opplevast som noko tregare enn i Noreg. Landkode frå Guatemala til Noreg er 0047. Det er gratis wifi på hotellet vårt, og dessutan på mange kafear og restaurantar. Guatemala har 110 volt og støpsel likt som USA, ta med eit universal adapter.

### **Tidsforskjell:**

Tidsforskjellen mellom Noreg og Guatemala varierer, alt etter om det er sumar- eller vintertid i Noreg.

Om sommaren: – 8 timar. Det vil seia at når klokka er 12.00 i Noreg, er den 04.00 i Guatemala.

Om vinteren: – 7 timar, då Guatemala har sumartid.

**VI YNSKJER DYKK EI GOD REISE – OG MANGE GODE OG MINNERIKE OPPLIVINGAR SAMAN MED OSS!**

Helsing oss i Fotefar Temareiser